

**Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019****Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Fylkestinget sluttar seg til etableringa av regionale pilegrimssenter i Bergen og Selje som ledd i ei varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.
2. Delfinansiering av drifta av to regionale pilegrimssenter i Vestland vert handsama som del av arbeidet med økonomiplanen og budsjett 2020.
3. Driftsfinansiering føreset at tiltaka vert finansiert etter ein modell der staten dekkjer 60%, kommunane 20% og Vestland fylkeskommune 20% av driftskostnaden.
4. For driftsåret 2020 vert kr 600.000 nytta som bidrag til prøvedrift av pilegrimssentera i Vestland inntil statleg finansiering er stadfesta på Statsbudsjettet for 2021. Bidraget vert fordelt likt på dei regionale pilegrimssentera i Bergen og Selje/Stad, under føresetnad av lokale finansieringsbidrag på minimum same beløp frå dei to kommunane i 2020.
5. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil be fylkesadministrasjon om å kome attende til utvalet i løpet av første halvår 2020 med ein presentasjon og oppdatering av prosjektet Røldal pilgrimssenter sett i samanheng med lang tidsplan for pilgrimssatsing 2019-2037.